



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Prop. 47 S

(2020–2021)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2020 under Samferdselsdepartementet

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet 20. november 2020,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Innleiing

Samferdselsdepartementet foreslår i denne proposisjonen nokre endringar i løyvingar mv. for programkategoriane 21.20 Luftfartsformål, 21.30 Vegformål, 21.40 Særskilde transporttiltak, 21.50 Jernbaneformål, 21.60 Kystforvaltning og 22.10 Posttenester.

2 Programkategori 21.20 Luftfartsformål

Kap. 1314 Statens havarikommisjon for transport

Post 01 Driftsutgifter

Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1314, post 01 Driftsutgifter, med 1,6 mill. kr.

På grunn av virusutbrotet har Statens havarikommisjons aktivitetsnivå for undersøkingar blitt lågare. I tillegg er det venta lågare lønnsutgifter fordi rekrutteringa knytt til at undersøkingsmyndigheita for forsvarssektoren som blei overført til Statens havarikommisjon 1. juli 2020, er forseinka.

Kap. 4313 Luftfartstilsynet

Post 01 Gebyrinntekter

I 2020 er det løyvd 148,5 mill. kr på kap. 4313, post 01 Gebyrinntekter. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 19 mill. kr.

Aktiviteten i luftfartsmarknaden er redusert på grunn av smitteverntiltaka etter virusutbrotet. Dette påverkar òg grunnlaget for Luftfartstilsynets gebyrinntekter. Tilsynet har m.a. fått færre søknader om bakgrunnssjekk og godkjenningar av nye luftfartøy, og det har vore ein generell nedgang i andre godkjenningar. Vidare blir gebyrinntektene lågare fordi innføringa av Luftfartstilsynets droneportal er utsett frå 1. juli 2020 til 1. januar 2021.

Kap. 5619 Renter av lån til Avinor AS

Post 80 Renter

I 2020 er det løyvd 22,2 mill. kr i rentebetalingar på statslånet til Avinor AS.

Avinor AS har fått avdragfridom på statslånet i 2020, jf. Prop. 117 S (2019–2020) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2020* og Innst. 360 S (2019–2020). Isolert sett fører det til at renteinnbetalinga i 2020 aukar. Samstundes har rentene vore låge sidan virusutbrotet i mars. På bakgrunn av dette vil rentebetalinga på statslånet

til Avinor AS bli 23,4 mill. kr i 2020. Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga på kap. 5619, post 80 Renter, med om lag 1,2 mill. kr.

3 Programkategori 21.30 Vegformål

Kap. 1320 Statens vegvesen

Post 01 Driftsutgifter

Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga på kap. 1320, post 01 Driftsutgifter, med til saman 100 mill. kr, og med ein tilsvarende auke av løyvinga på kap. 4320, post 01 Salsinntekter m.m., jf. omtale under kap. 4320, post 01.

Sal av tenester til fylkeskommunane innan byggherre, fagressursar, grunnboring og laboratorietenester, er rekna å bli om lag 60 mill. kr høgare enn budsjettert. Omorganiseringa av Statens vegvesen har medført ledige lokale. Fleire av desse er blitt leigd ut, og inntektene frå framleige er rekna å bli 40 mill. kr høgare enn budsjettert.

Post 22 Drift og vedlikehald av riksvegar

I 2020 er det løyvd 7 411,8 mill. kr. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1320, post 22 Drift og vedlikehald av riksvegar, med 50,3 mill. kr på grunn av færre forsikringsskadar, jf. omtale under kap. 4320, post 03.

Post 30 Riksveginvesteringar

I 2020 er det løyvd 13 436,4 mill. kr. Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga på kap. 1320, post 30 Riksveginvesteringar, med til saman om lag 35,7 mill. kr.

Statens vegvesen har i 2020 gjennomført fleire samarbeidsprosjekt med Nye Veier AS, Bane NOR SF og kommunar enn rekna med. Dette har auka utgiftene og inntektene med om lag 40 mill. kr, jf. omtale under kap. 4320, post 01. Vidare blir det foreslått å omdisponere om lag 4,3 mill. kr til kap. 1320, post 73, jf. omtale under post 73.

Post 73 Tilskot for reduserte bompengetakstar utanfor byområda

I 2020 er det løyvd 2 140 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga på kap. 1320, post 73 Tilskot for reduserte bompengetakstar utanfor byområda, med om lag 4,3 mill. kr.

Ved behandlinga av Prop. 117 S *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2020 og*

Innst. 360 S (2019–2020) blei løyvinga på posten auka med 740 mill. kr for å avvikle og slette gjeld i fem bompengeprojekt. For å kunne avvikle og slette gjeld i dei fem bompengeprojekta var det behov for om lag 4,3 mill. kr meir enn opphavelag overslag.

Kap. 4320 Statens vegvesen

Post 01 Salsinntekter m.m.

I 2020 er det løyvd 247 mill. kr. Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga på kap. 4320, post 01 Salsinntekter m.m., med 170 mill. kr.

Sal av tenester til fylkeskommunane er rekna å bli 60 mill. kr høgare enn budsjettert, medan inntekter frå framleige aukar med 40 mill. kr, jf. omtale under kap. 1320, post 01.

Vidare er inntekter frå samarbeidsprosjekt med Nye Veier AS, Bane NOR SF og kommunar rekna å bli 40 mill. kr høgare enn budsjettert, jf. omtale under kap. 1320, post 30.

Ved behandlinga av Prop. 117 S (2019–2020) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2020 og* Innst. 360 S (2019–2020) blei løyvinga redusert med 30 mill. kr på grunn av redusert aktivitet etter virusutbrotet for tenester som krev personleg oppmøte på trafikkstasjonane. Det har seinare vist seg at denne aktiviteten likevel ikkje har blitt vesentleg redusert i 2020.

Post 02 Diverse gebyr

I 2020 er det løyvd 438,4 mill. kr. Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga på kap. 1320, post 02 Diverse gebyr, med 20 mill. kr.

Ved behandlinga av Prop. 117 S (2019–2020) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2020 og* Innst. 360 S (2019–2020) blei løyvinga redusert med 75 mill. kr på grunn av lågare aktivitet etter virusutbrotet. Auka aktivitet etter gjenopninga av trafikkstasjonar og publikumstenester førte til høg produksjon i perioden juni til august.

Post 03 Refusjonar frå forsikringselskap

I 2020 er det løyvd 115,3 mill. kr. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 4320, post 03 Refusjonar frå forsikringselskap, med 50,3 mill. kr. Utgiftene blir tilsvarende lågare, jf. omtale under kap. 1320, post 22. Inntektene på posten gjeld refusjonar frå forsikringselskap og dekkjer dei faktiske utgiftene for Statens vegvesen som køyretøy m.a. påfører vegutstyr. Det

er venta færre forsikringsskadar på grunn av redusert biltrafikk og transport på veg i 2020.

Kap. 1323 Vegtilsynet

Post 01 Driftsutgifter

Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1323, post 01 Driftsutgifter, med 1 mill. kr. Virusutbrotet gjer at tilsynet har gjennomført færre inspeksjonar m.m. Kurs-, konferanse- og reiseaktivitet er òg redusert.

Kap. 4322 Svinesundsforbindelsen AS

Post 90 Avdrag på lån

Det var i 2020 budsjettert med 104 mill. kr i avdrag på statslånet til Svinesundsforbindelsen AS. Som ein konsekvens av virusutbrotet har grensetrafikken og dermed bompengeneinktene minka. Lånet vil derfor ikkje bli nedbetalt i 2020 som lagt til grunn i Prop. 1 S (2019–2020). Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 54 mill. kr. Denne siste delen av lånet er venta nedbetalt i 2021, og bompengeneinkrevjinga vil avsluttast i løpet av 2021.

Kap. 5624 Renter av Svinesundsforbindelsen AS

Post 80 Renter

I 2020 er det løyvd 2 mill. kr. Mindre nedbetaling på lånet i 2020 gir isolert sett høgare renteinntekter, men samstundes har rentene vore låge etter virusutbrotet i mars. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 5624, post 80 Renter, med om lag 0,9 mill. kr.

Andre vegsaker

Rv. 22 Lillestrøm–Fetsund i Viken – endra kostnadsramme

Prosjektet er sist omtalt i Prop. 1 S (2015–2016). Prosjektet inngår i Oslopakke 3, jf. St.meld. nr. 17 (2008–2009) *Om Oslopakke 3 trinn 2*.

Prosjektet opna for trafikk i desember 2015. Etter at prosjektet var ferdig, har entreprenøren og Statens vegvesen ikkje blitt samde om sluttoppgjeret. Usemja gjeld i hovudsak handteringa av dokumentasjon mellom Statens vegvesen og entreprenør.

Samferdselsdepartementet legg opp til at Statens vegvesen og entreprenøren inngår forlik.

Totalkostnaden for prosjektet vil bli høgare enn gjeldande kostnadsramme, som er 810 mill. kr. Samferdselsdepartementet foreslår å auke kostnadsramma til 885 mill. kr, jf. forslag til romartalsvedtak.

Rv. 110 Ørebekk–Simo – endra kostnadsramme

Prosjektet er m.a. omtalt i Prop. 50 S (2014–2015) *Utbygging og finansiering av fase 1 av Bybakke Nedre Glomma i Østfold*. Det er sist omtalt i Prop. 1 S (2019–2020), side 102–103.

Prosjektet opna for trafikk i 2019. Opninga har blitt utsett ein rekkje gonger, m.a. på grunn av at vanskelege grunntilhøve har forseinka bygginga av Seutbrua. Som ein konsekvens av dette blei kostnadsramma til prosjektet auka til 900 mill. 2018-kr i samband med Stortingets behandling av Prop. 17 S (2018–2019) *Endringer i statsbudsjettet 2018 under Samferdselsdepartementet*, og Innst. 111 S (2018–2019).

Etter at prosjektet blei ferdig, har entreprenøren og Statens vegvesen ikkje blitt samde om sluttoppgjeret. Usemja er hovudsak knytt til arbeidet med Seutbrua.

Samferdselsdepartementet legg opp til at Statens vegvesen inngår eit forlik med entreprenøren. Totalkostnaden for prosjektet vil bli høgare enn gjeldande kostnadsramme. Samferdselsdepartementet foreslår derfor å auke kostnadsramma til 1 045 mill. kr, jf. forslag til romartalsvedtak.

4 Programkategori 21.40 Særskilde transporttiltak

Kap. 1330 Særskilde transporttiltak

Post 66 Belønningsmidlar til tilskotsordningar i byområda

I 2020 er det løyvd 2 712,5 mill. kr. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1330, post 66 Belønningsmidlar til tilskotsordningar i byområda, med 598 mill. kr.

Det blir ikkje inngått tilleggsavtale til byvekstavtalen for Osloområdet i 2020 for å følgje opp bompengavtalen frå 2019. Dette reduserer behovet for løyvingar på posten med 604 mill. kr, fordelt med 554 mill. kr til planlagt auka bidrag til Fornebubanen og ny T-banetunnel frå 50 til 66 pst., og 50 mill. kr i tilskot til reduserte billettprisar på kollektivtransport.

Vidare er det statlege bidraget til byvekstavtalen for Nord-Jæren i 2020 auka med 6 mill. kr.

Post 71 Tilskot til kommersielle buss- og båtruter som følgje av smitteverntiltak – tilføring av stikkord

Regjeringa har sett i verk ei rekkje økonomiske tiltak i 2020 for å avhjelpe konsekvensane av pandemien og smitteverntiltak. Tilskot til kommersielle buss- og båtruter er viktig for å oppretthalde tilbodet, særleg der det ikkje finst andre alternativ. Utbetalingar til kommersielle buss- og båtruter som følgje av smitteverntiltak skjer på etterskot, og delar av løyvinga blir truleg ikkje betalt ut før i 2021. Regjeringa foreslår derfor at kap. 1330, post 71 Tilskot til kommersielle buss- og båtruter som følgje av smitteverntiltak, får føyd til stikkordet «kan overførast», jf. forslag til romartalsvedtak.

5 Programkategori 21.50 Jernbaneformål

Kap. 1352 Jernbanedirektoratet

Post 01 Driftsutgifter

Jernbanedirektoratets aktivitet er redusert m.a. på grunn av virusutbrotet. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1352, post 01 Driftsutgifter, med 10 mill. kr.

Post 21 Særskilde driftsutgifter – planar og utgreiingar

I 2020 er det løyvd 188,7 mill. kr på posten. Vidare er det overført 165,3 mill. kr frå 2019. Ved behandlinga av Prop. 117 S (2019–2020) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringar i statsbudsjettet 2020* og Innst. 360 S (2019–2020) blei posten redusert med 60 mill. kr. Behovet for midlar er lågare enn tidlegare lagt til grunn. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1352, post 21 Særskilde driftsutgifter – planar og utgreiingar, med 75 mill. kr.

Post 71 Kjøp av infrastrukturtenester – drift og vedlikehald

I 2020 er det løyvd 8 877,5 mill. kr på posten.

Togselskapa betaler Bane NOR SF for tenester dei bruker under sportilgangsavtalane. Desse inntektene skal trekkjast frå løyvinga til drift og vedlikehald. For 2020 har togselskapa betalt 170 mill. kr meir i køyrevegsavgifter enn det var lagt til grunn i Prop. 1 S (2019–2020) og Innst. 13 S (2019–2020).

Vidare er det gjort ei avrekning som gjeld Bane NOR si tilbakebetaling av påslag som blei

fakturert for trafikk på Gardermobanen for perioden 2017–2019. Avrekninga viser at Bane NOR har motteke 73,2 mill. kr for lite i vederlag frå togselskapa for perioden 2017 til 2019. Endringane i køyrevegsavgiftene for togselskapa blir dekt innanfor løyvinga på kap. 1352, post 70 Kjøp av persontransport med tog.

Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1352, post 71 Kjøp av infrastrukturtenester, med til saman 96,8 mill. kr.

Post 73 Kjøp av infrastrukturtenester – investeringar

I 2020 er det løyvd 12 395,7 mill. kr. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1352, post 73 Kjøp av infrastrukturtenester – investeringar, med 46 mill. kr fordi den styrkte kronekursen har gitt reduserte valutautgifter i Follobaneprojektet.

Ved behandlinga av Prop. 117 S (2019–2020) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringar i statsbudsjettet 2020* og Innst. 360 S (2019–2020) blei løyvinga auka med 645 mill. kr for å dekkje auka valutautgifter til Follobaneprojektet. Den styrkte kronekursen gjer at valutatapet er redusert med 46 mill. kr samanlikna med tidlegare berekning. Kronekursen har svinga det siste halve året, slik at det framleis er uvisse knytt til endelege valutautgifter i 2020.

Andre jernbanesaker

Vossebanen: Fløen–Bergen/Nygårdstangen godsterminal – styringsmål

Stortinget vedtok ved behandlinga av Prop. 131 S (2016–2017) *Nokre saker om administrasjon, veg, jernbane og post og telekommunikasjonar* og Innst. 472 S (2016–2017) auka kostnadsramme for projektet Arna–Fløen (Ulriken tunnel). Det blei i proposisjonen orientert om forholda rundt kvalitetssikringa (KS2) for eit samla projekt Arna–Bergen, og særskild for Arna–Fløen. Rekkefølgja og samordning av Bybanen, Nygårdstangen godsterminal, Kronstadsporet og Mindemyren med Fløen–Bergen måtte avklarast nærmare. Det blei derfor ikkje fastsett kostnadsramme for Fløen–Bergen. Vidare skriv departementet i proposisjonen at det skulle komme tilbake til Stortinget etter nærmare avklaringar for delprosjektet Fløen–Bergen.

Bane NOR har arbeidd med å optimalisere det såkalla moderniseringsalternativet frå 2016 for Nygårdstangen godsterminal. Dette har gitt eit samordna projekt Fløen–Bergen/Nygårds-

tangen godsterminal som gir ein meir effektiv terminal, lågare logistikkostnader, høgare kapasitet og lengre berekna tid før kapasiteten på terminalen blir fullt utnytta. Det blir lagt til grunn at godsterminalen blir planlagt bygd samstundes med Bergen–Fløen, fordi dei to tiltaka er tett knytte til kvarandre med omsyn til tekniske anlegg og bygging.

Regjeringa har vedteke eit styringsmål (tilsvarer om lag styringsramme) for prosjektet på 3 399 mill. 2021-kr. Styringsmålet gjeld for vidareføring av planlegginga av prosjektet.

6 Programkategori 21.60 Kystforvaltning

Kap. 1360 Kystverket

Post 60 Tilskot til fiskerihamneanlegg

I 2020 er det løyvd 33,3 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1360, post 60 Tilskot til fiskerihamneanlegg, med 3 mill. kr.

Løyvinga gjeld kommunale fiskerihamneanlegg. Det lågare behovet i 2020 kjem av at delar av tilsegna til to prosjekt vil bli trekt tilbake fordi prosjekta er endra.

Post 72 Tilskot for overføring av gods frå veg til sjø

I 2020 er det løyvd er 75 mill. kr. Det vil i 2020 bli lågare utbetalingar på grunn av forseinka framdrift i prosjekt enn det som var lagt til grunn i Prop. 1 S (2019–2020) og i Prop. 117 S (2019–2020) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2020*.

Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1360, post 72 Tilskot for overføring av gods frå veg til sjø, med 50 mill. kr.

Kap. 5577 Sektoravgifter under Samferdselsdepartementet

Post 74 Sektoravgifter Kystverket

Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga på kap. 5577, post 74 Sektoravgifter Kystverket, med til saman om lag 21,4 mill. kr.

Ved behandlinga av Prop. 117 S (2019–2020) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2020* og Innst. 360 S (2019–2020), blei løy-

vinga på posten redusert med 230 mill. kr. Nedgangen i trafikken har vore mindre enn det som blei lagt til grunn tidlegare i år, og løyvinga kan derfor aukast med 20 mill. kr.

I samband med lønnsoppgjeret for 2020 blei Kystverket for den delen av verksemda som er avgiftsfinansiert, tildelt om lag 1,4 mill. kr over kap. 1360, post 01 Driftsutgifter. Kap. 5577, post 74 Sektoravgifter Kystverket, må derfor aukast tilsvarende.

7 Programkategori 22.10 Posttenester

Kap. 1370 Posttenester

Post 70 Kjøp av post- og banktenester

Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga på kap. 1370, post 70 Kjøpa av post- og banktenester med i alt om lag 112,9 mill. kr.

Kjøp av post- og banktenester

I 2019 blei det sett av 534 mill. kr til kjøp av post og banktenester frå Posten Norge AS. Det er lagt til grunn ein etterrekningsmodell som over tid vil sikre at det ikkje blir løyvd meir enn det faktiske behovet. Etterrekning i tråd med modellen viser eit faktisk behov i 2019 på 636 mill. kr til kjøp av post- og banktenester. Dette er 102 mill. kr meir enn det som blei løyvd i 2019.

Departementet legg opp til at Posten får etterbetalt ein ytterlegare kompensasjon for 2019 på 102 mill. kr. I tråd med praksis frå tidlegare år legg departementet opp til at staten betaler rente på det beløpet selskapet skal ha etterbetalt. Rentebeløpet er rekna til 2,1 mill. kr.

Dette inneber at staten skal betale i alt 104,1 mill. kr til Posten.

Konkurranse om avisomdeling

Samferdselsdepartementet har inngått kontrakt med Posten Norge om avisomdeling på vekedagar motsyklisk til leveringspliktig postomdeling i område der det ikkje er kommersielle avisbodnett. Kontrakten blei inngått med det omfanget som det var lagt opp til i 2019. Det har i ettertid vist seg at det var nokre hol i dekninga, og Samferdselsdepartementet har inngått ein tilleggskontrakt for 8,8 mill. kr i siste halvår av 2020.

Samferdselsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2020 under Samferdselsdepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2020 under Samferdselsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2020 under Samferdselsdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2020 blir det gjort følgjande endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1314		Statens havarikommisjon for transport	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med frå kr 85 150 000 til kr 83 550 000	1 600 000
1320		Statens vegvesen	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 3 911 070 000 til kr 4 011 070 000	100 000 000
	22	Drift og vedlikehald av riksvegar, <i>kan overførast, kan nyttast under post 29 og post 30</i> , blir redusert med frå kr 7 411 800 000 til kr 7 361 500 000	50 300 000
	30	Riksveginvesteringar, <i>kan overførast, kan nyttast under post 22, post 29, post 31 og kap. 1330, post 66</i> , blir auka med frå kr 13 436 400 000 til kr 13 472 145 000	35 745 000
	73	Tilskot for reduserte bompengetakstar utanfor byområda, blir auka med frå kr 2 140 000 000 til kr 2 144 255 000	4 255 000
1323		Vegtilsynet	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med frå kr 19 260 000 til kr 18 260 000	1 000 000
1330		Særskilde transporttiltak	
	66	Belønningsmidlar til tilskotsordningar i byområda, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 2 712 500 000 til kr 2 114 500 000	598 000 000
1352		Jernbanedirektoratet	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med frå kr 356 520 000 til kr 346 520 000	10 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
	21	Særskilte driftsutgifter, planar og utgreiingar, <i>kan overførast, kan nyttast under post 72</i> , blir redusert med	75 000 000
		frå kr 188 700 000 til kr 113 700 000	
	71	Kjøp av infrastrukturtenester – drift og vedlikehald, <i>kan overførast, kan nyttast under post 72, post 73 og post 74</i> , blir redusert med	96 800 000
		frå kr 8 877 500 000 til kr 8 780 700 000	
	73	Kjøp av infrastrukturtenester – investeringar, <i>kan overførast, kan nyttast under post 71, post 72 og post 74</i> , blir redusert med	46 000 000
		frå kr 12 395 700 000 til kr 12 349 700 000	
1360		Kystverket	
	60	Tilskot til fiskerihamneanlegg, <i>kan overførast</i> , blir redusert med	3 000 000
		frå kr 33 300 000 til kr 30 300 000	
	72	Tilskot for overføring av gods frå sjø til veg, <i>kan overførast</i> , blir redusert med	50 000 000
		frå kr 75 000 000 til kr 25 000 000	
1370		Posttenester	
	70	Kjøp av post- og banktenester, <i>kan overførast</i> , blir auka med	112 929 000
		frå kr 587 400 000 til kr 700 329 000	

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
4313		Luftfartstilsynet	
	01	Gebyrinntekter, blir redusert med	19 000 000
		frå kr 148 500 000 til kr 129 500 000	
4320		Statens vegvesen	
	01	Salsinntekter m.m., blir auka med	170 000 000
		frå kr 247 000 000 til kr 417 000 000	
	02	Diverse gebyr, blir auka med	20 000 000
		frå kr 438 400 000 til kr 458 400 000	
	03	Refusjonar frå forsikringsselskapa, blir redusert med	50 300 000
		frå kr 115 300 000 til kr 65 000 000	
4322		Svinesundsforbindelsen AS	
	90	Avdrag på lån, blir redusert med	54 000 000
		frå kr 104 000 000 til kr 50 000 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
5577		Sektoravgifter under Samferdselsdepartementet	
	74	Sektoravgifter Kystverket, blir auka med frå kr 584 500 000 til kr 605 860 000	21 360 000
5619		Renter av lån til Avinor AS	
	80	Renter, blir auka med frå kr 22 200 000 til kr 23 416 000	1 216 000
5624		Renter av Svinesundsforbindelsen AS	
	80	Renter, blir redusert med frå kr 2 000 000 til kr 1 070 000	930 000

Fullmakter til å forplikte staten utover gitte løyvingar

II

Fullmakter til å forplikte staten for investeringsprosjekt

Stortinget samtykkjer i at Samferdselsdepartementet i 2020 kan:

gjennomføre dei tidlegare godkjende investeringsprosjekta:	innanfor ei endra kostnadsramme på:
Rv. 22 Lillestrøm–Fetsund	885 mill. kroner
Rv. 110 Ørebekk–Simo	1 045 mill. kroner

Fullmaktene gjeld òg forpliktingar som blir inn-
gåtte i seinare budsjettår, innanfor kostnads-
ramma for prosjektet. Samferdselsdepartementet

blir gitt fullmakt til å prisjustere kostnads-
rammene i seinare år.

Andre fullmakter

III

Tilføyning av stikkord

Stortinget samtykkjer i at Samferdselsdepartementet i 2020 kan føye til stikkordet «*kan overførast*» på kap. 1330 Særskilde transporttiltak, post 71 Tilskot til kommersielle buss- og båtruter som følgje av smitteverntiltak.

